

Informasjon til deg som har fått påvist MRSA

Du får dette skrevet fordi du har fått påvist MRSA. Her får du informasjon om kva MRSA er, og kva det har å seie for deg.

Kva er MRSA?

Gule stafylokokkar er bakteriar som finst naturleg på huda, og ofte også i nasen og halsen, hos mange menneske og dyr, også kjæledyr. MRSA er ein type gule stafylokokkar som er motstandsdyktig mot fleire typar antibiotika. Ein kan ha MRSA på huda, i nasen eller i halsen utan å vere sjuk eller ha plager. Dette blir då kalla å vere berar av MRSA. Du blir rekna som berar av MRSA også viss bakterien først vart oppdaga ved ein infeksjon. Av og til kan gula stafylokokkar føre til infeksjon, ofte i hud eller sår, men også andre infeksjonar kan oppstå.

Er det farleg å vere berar av MRSA?

Dei fleste som er berarar av MRSA får ikkje infeksjon og blir ikkje sjuke av bakterien. Om du får ein infeksjon med MRSA, kan likevel denne infeksjonen vere vanskelegare å behandle enn andre stafylokokkinfeksjonar.

Korleis smittar MRSA?

MRSA kan finnast på huda, i nasen og halsen, og kan smitte ved direkte kontakt med andre menneske. Den kan også smitte til andre via utstyr eller overflater som ikkje er tilstrekkeleg reingjorde. Smitte skjer oftast mellom menneske som har mykje tett kontakt.

Kva kan eg gjere for å redusere risiko for å smitte andre?

- Vask hendene godt med såpe og vatn:
 - før du lagar eller et mat
 - etter toalettbesøk
 - etter kontakt med kroppsvæsker, til dømes etter at du har pussa nasen
 - når hendene er synleg skitne
 - før og etter besøk på sjukehus, sjukeheimar eller andre helseinstitusjonar
- Hald sår, rifter og væskande utslett reine, og dekk dei til med bandasje eller plaster.
- Ikkje del barberhøvel eller handkle med andre.
- Vask undertøy, handkle og sengetøy på 90°C viss tekstila toler det.
- Vask også handtak på dører, skap og andre flatar som berørast ofte når du reingjer heime.

Kan eg gå i barnehagen, på skulen eller jobb om eg er berar av MRSA?

Barn som er berarar av MRSA kan gå i barnehagen eller på skulen og delta i lek og fritidsaktivitetar som vanleg.

Det finst eigne reglar for personar som er MRSA berarar og jobbar med pasientkontakt i sjukehus eller sjukeheim eller jobbar med gris, ku, sau eller geit. Du kan lese meir om dette i avsnittet om kven du skal informere om MRSA-berarskap.

Andre yrkesgrupper kan gå på jobb som vanleg, sjølv om dei er berarar av MRSA. Hugs å følgje råda for å redusere risiko for å smitte andre, som beskrive over.

Kven må eg informera om at eg er berar av MRSA?

Informert om at du er berar av MRSA når du får helsehjelp, til dømes når du er hos lege eller når du blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim. Opplysning om at du er berar av MRSA blir også registrert i pasientjournalen din. Dette hjelper helsepersonell med å førebygge spreiding av smitte og velje rett type antibiotika om du får ein infeksjon.

Du bør informera arbeidsgivar eller studiestad om at du er berar av MRSA, og om du:

- jobbar med pasientkontakt i sjukehus eller sjukeheimar
- studerer og har pasientkontakt i sjukehus og sjukeheim som del av studiet
- jobbar med gris, ku, sau eller geit

Partnaren din eller andre du bur saman med bør informere helsetenesta om at dei har partner eller bur saman med ein person som er berar av MRSA, når dei får helsehjelp. Dei bør også informere sin arbeidsgivar eller studiestad om dette om dei:

- jobbar med pasientkontakt i sjukehus eller sjukeheimar
- studerer og har pasientkontakt i sjukehus og sjukeheim som del av studiet
- jobbar med gris, ku, sau eller geit

Du treng elles ikkje å informere arbeidsgivar, kollegaer, venner, skule eller barnehage om at du er berar av MRSA.

Kva skjer om eg blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim?

Om du er berar av MRSA kan det vere nødvendig å gjere tiltak når du er innlagd på sjukehus eller sjukeheim for å redusere risiko for at bakterien blir spreidd til andre. Kva tiltak som er aktuelle avheng av situasjonen. Det kan til dømes vere:

- Eige rom med eige toalett.
- Helsepersonell bruker smittevernutstyr som hanskar, frakk og munnbind.
- Hyppigare reingjering av rom og utstyr.
- På sjukehus kan det vere nødvendig med isolasjon. Det betyr at du får beskjed om å halde deg på pasientrommet ditt og at du ikkje kan bruke fellesområde eller ha nær kontakt med andre pasientar.

Det kan også vere behov for smitteverntiltak når du får helsehjelp utanfor sjukehus eller sjukeheim, til dømes frå heimesjukepleia. Sjølv om det er behov for smitteverntiltak, har du rett til den same helsehjelpa som andre pasientar.

Kan eg bli kvitt MRSA?

Hos nokon forsvinn MRSA av seg sjølv, medan hos andre kan bakteriane bli verande på kroppen i månader til år. I nokre tilfelle kan det vere aktuelt å prøve behandling for å fjerne MRSA. Dette blir kalla sanering. Fastlegen din kan vurdere om dette er aktuelt for deg og gi deg informasjon om behandlinga. Ta kontakt med legen din om du har spørsmål om MRSA.